



Svala 4H



Varhaug
Bondekvinnelag

Varhaug Buen

Lokal-lagsavis utgitt av Varhaug BU, Svala 4H, Varhaug
Bondelag og Varhaug Bondekvinne­lag



NBU
Varhaug BU



Varhaug
Bondelag

Desember 1998

Varhaug BU og Politiet i holdningskampanje



Side 4-5



Varhaug
Bondelag

**Varhaug Bondelag
laga skulefrokost til
ungdomskulen**

Side 10-11



Varhaug
Bondekvinnelag

**Aud Håland forsett i
bondekvinne­laget**

Side 14



Svala 4H

Hau­stfesten

Side 12-13

Årsmelding for Internatet 1998

Desse har vore i styret:

Olav R. Husveg	leiar	frå bondelaget
Tor Jan Lende	kasserar	frå 4H
Liv Hobberstad	sekretær	frå bondekvinnelaget
Elisebeth Berge	matr.forv.	frå bygdeungdomslaget
Anton Tjemsland	dugnadsansv.	frå bondelaget

Revisorar: Hanne Lise Nevland og Sigmund Rangen.

Det har vore eit roleg år for styret både når det gjeld møter og dugnadsarbeid. 4H har som tidlegare år hatt ansvaret for plenklyppinga, og bondekvinnelaget for vasking av moteromet.

Det har ikkje vore noko større arbeid på anlegget i 1998. Ein har fiksa litt opp i gangen i kjellaren. Det er og saga ned nokre store tre aust for huset, plassen er oppgrusa og parkeringsplassen har vorte litt større. Elles har ein luka "plante-

feltet"

Styret har gjort vedtak om å starta oppfiksinga av roma til dyrlegane straks, og til dette har me fått tilskot frå kommunen på kr. 15.000

På årsmøtet ifjor vart det lufta ei eventuell påbygging av huset med ein festsal mot vest. Sjølv om styret har teke med kr. 100.000 på investeringsplanen til kommune både for 2002 og 2003, kjem ein ikkje særleg langt med desse tala. Eit ev. påbygg vil ikkje koma på tale

for investeringa er i orden. Styret har likevell fått utarbeidd eit førebels kostnadsoverslag frå kommunen, for å sjå kva tal det var snakk om.

Då Internatet ligg i eit område som er regulert til bustadar, har ein søkt kommunen om omdisponering av eigeidomen. Ein har vidare søkt Jernbaneverket om dispensasjon frå Jernbanelovas § 10 for plassering av tilbygg min. 25 m frå midten av jernbanesporet.

I desember hadde Internatet "Åpe Hus" der det vart servert risgrøt og kaffi. Til tross for god annonsering, var det ikkje så veldig mange utanom styret som kom. Litt skuffande kanskje, men det er vel noko ein må rekna med i ei travel førjulstid.

Me vil få takka alle som på eit eller anna vis har vore med på dugnadsarbeid for Internatet

Mange takk alle saman!

INTERNATSTYRET



ODLAND AS

4360 Varhaug
Tlf. 51 43 09 59

Forskaling og støyping - Betong- og trearbeid
Salg og montering av element - Armering -
Tegning

Alt i graving, dyrking og steinløsing

BRØDRENE RISA

entreprenørforretning
Tlf: 51 43 37 99, Nærbø.

Olav R. Husveg takker for seg

Olav R. Husveg takker for seg som leiar for styret i INTERNATET.

Varhaugbuen har i det høvet hatt ein liten prat med Olav. «Nå har du vore med i Internatstyret heilt frå starten, og i grunnen er du «far» til det Internatet me har i dag. Korleis har desse åra vore?

Olav: Det er ikkje noko einmannsjobb å driva eit bygg slik som Internatet. Ein er avhengig av å ha gode folk med seg i styret, og ikkje minst flinke og usytne dugnadsfolk.

Før me fekk bygget, såg at at det ikkje vart ei lett oppgåve å halda eit så stort hus. På utsida var ikkje huset så verst, men det trongs ei ganske stor opp-pussing inne.

Men det har i grunnen gått over all

Olav R. Husveg



forventning takka vera ein stor innsats frå dei 4 eigarlaga, faste inntekter frå leigebuarane og ikkje minst god økonomisk støtte frå bank og kommune.

Når det gjeld kommunen har dei alltid vore veldig imøtekomande, og det er ei grei ordning der ein kan få tilskot både til utstyr og vedlikehald. Eg håper at denne gode ordninga vil halda fram i åra som kjem.

«På tampen av tida di i Internatstyret har det kome fram planar om eit ev. tilbygg. Kva meining har du om det?»

Olav: Det hadde vore veldig godt om me kunne fått eit «samfunnshus» på Varhaug. Dette har vore eit sakn lenge, så eg håper at det let seg gjennomføra økonomisk om ikkje alt for mange år.

«Er det noko meir du har lyst å seia til slutt?»

Olav: Fyrst vil eg få takka alle dei som eg har vore saman med i styret desse åra, og ynskja dei nye lukke til med det vidare arbeidet for Internatet. Det har vore gilde år, og eg kjem nok sikkert til å sakna det å ikkje vera med lenger. Men om eg forsvinn ut av styret, så vil eg nok framleis vera med på dugnadsarbeid elles.

Red.anm: Kjell Skretting frå bondelaget og Ingve Skretting frå BU er nye i styret

Hege & Heidi Salongen AS

Dame & herreklipp

Rådhusgt.3, 4360 Varhaug
Tlf.: 51431018 Fax.: 51430843



NÅR DET GÅR
FORT I SVINGANE

Det er kva vi får rulle over ei vakkert sunn tid. Derfor er kvar dagmaten viktigast.
Dersom kroppen får like mykje energi som den brukar, er den i likevekt. Sung tar det!

TINE Meieriet Sar TINE



Svein Lobekk
Tlf. 51 43 09 99



Aksjonsveka 1998

Aksjonsveka dette året var lagd til uke 45. Dette er ein aksjon der alle BU-laga i landet har ei veke med forskjellige aktivitetar lagt til eit tema. Dette året var temaet «Trafikk og ungdom». Me i Varhaug BU hadde i den forbindelse fleire aktivitetar med fokus på trafikk.

Trafikksikkerhet i fokus

Torsdag kveld i uke 45 arrangerte Varhaug Bygdeungdomslag ein aksjon i samarbeid med politiet i Hå. Norges bygdeungdomslag hadde denne veka ei landsomfattande aksjonsveke med temaet "Ungdom og trafikk". Målsettinga med denne veka var å prøva å skape ei haldningsendring hjå ungdom med tanke på ansvar i trafikken. I denne anledning laga me i Varhaug BU til ein folder som me ville dele ut til trafikantane i bygda vår. Me og tre kjekke polititjenestemenn stilte oss opp i sentrum og stoppa forbi-passerende trafikantar. Dei fleste stokk då politiet stoppa dei, men dei fleste tok det med godt humør då dei vart stoppa. På denne kvelden stoppa me om lag 150 bilistar som fekk kvar sin folder.

I fjor vart tretten drepne i Rogalands-trafficen. Det er alles ansvar at dette talet vert eit minimum i tala framover. Det er viktig med ei haldningsendring. Til dømes bruk av bilbelte. Kjør med ansvar, vert ikkje den neste på statistikk.

Etter ein vellukka aksjon gjekk me og politiet til lokalet vårt, internatet, og varma oss med pizza etterfulgt av fløytekake. Me vil nytta høvet til å takke politiet som brukte fritida si for å vera med oss på denne særskilde kvelden, sjølv om dei gjekk glipp av Vålerenga – Besiktas på fjernsynet.



Varhaug BU sammen med Politiet stoppet 150 bilister og delte ut informasjon om trafikksikring. BU-Styret f.v: Ingunn Helen Reiestad, Svein Borgen, Steinar Kartevold, John Reinhart Husvegg og Sveinung Håland sammen med 3 betjenter fra Hå lensmannskontor

R. SKRETTING A/s

KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT

4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



R. SKRETTING A/s

KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE • SELSKAPSMAT



**VIS HOLDNING
VED HANDLING**



Varhaug Servicenter A/S

Tlf. 51 43 02 33 - 4360 VARHAUG



Aksjonsveka 1998

Gøy på landet

På laurdag stilde ti trauste trausker opp på Varhaug ungdomsskule for å konkurrere i ferdighetskøyring med traktor, såkalla TRT-tevling (Traktor, Redskap og Trygheit). Dette er ei spanande konkurranseform med masse uforutsette hendingar som kan dukke opp i løpet av konkurransen. Tevlinga me hadde laga gjekk ut på å køyra ei løype på kortast mogleg tid, med færrest



feil. Utstyret me brukte låna me på bygda. Me fann fort ut kven som hadde tjuvtrent. Det var veldig forskjell på nivået blant tevlarane. Til slutt stod me att med to finalistar, Geir Egil Rosland og Svein Arild Varhaug. Dei køyrde to omgangar, der me til slutt klara å kåra ein vinnar. Vinnaren vart Svein Arild Varhaug med ei glimrande siste-tid.

TRT har ein utmerka puklikums-



BYGGMESTER / AUT. ÉNTREPRENØR

Mindor Skretting

Dublandsveien 13, 4360 Varhaug
Telefon: 51 43 13 50 * Fax: 51 43 44 70
Mobil 964 15 499

appell. Me håper at arenaen vert fullsett nest gong. Me vonar at deltakarane stiller opp på neste ute-tevling me i Varhaug BU arrangerer.



Varhaug Handelslag

Resultat:

1. Svein Arild Varhaug	3.15 min
2. Geir Egil Rosland	4.15 min
3. Oddmund Vagle	4.49 min
4. Ingve Skretting	5.10 min
5. Erik Auestad	6.26 min
6. Svein Borgen	6.33 min
7. Steinar B. Kartevold	7.48 min
8. Ingunn Helen Reiestad	10.20 min
9. Bjørn Pedersen	12.50 min
10. Kim E. Nord-Varhaug	21.26 min



Info folder

Vi har laget ein infomasjon folder for Varhaug Bu. Denne folderen inneholder arrangement plan og kva Varhaug Bu legger vekt på. Her står også info om Norges Bygdeungdomslag og Varhaug Bu sine formål.

Spør ein i styret etter han, slik at du blir orientert om kva som skjer.
Så bli med og ha det show, vi treng akkurat deg for å få det til!!!

JÆREN AUTO AS

BILUTLEIE - BILSALG - BILVERKSTED



TLF.: 51 43 04 22 - VARHAUG

Først på Jæren !

**Du kan nå få utført dine banktjenester
også på internett**



**Ønsker du mer informasjon, kontakt oss.
<http://time-sparebank.no>**

Bryne
51 77 91 00

Varhaug
51 43 11 24

Kvernaland
51 48 73 00

Undheim
51 48 44 73

TIME SPAREBANK

Danmarks-tur

Helga 29-31 Januar skal Orre BU ha tur til Danmark. Me æ nogen i frå Varhaug så au ska nerøve for å fydlå opp kvoten.

Viss dar æ nogen andre au så vil væra med så ta kontakt mæ Svein Borgen, tlf: 9112 1320

Prisen æ sett te kr. 1200,- for BU-medlem, og kr. 1400,- for ikkje medlem. Kan au nebna at dæ ska vær ei Landbruksmessa der den heljå.



**Jæren
NATURTERAPI**

Gjertrud Hobberstad

Naturterapeut MNNH

Aromaterapi

Zoneterapi

Kinesiologi

Øreakupunktur



Dysjalsandsv. 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 00 36



Nytt styre i Varhaug BU

Nå er det nye styre på plass. Det er eit stort styre så vi satser på mykje aktivitet og stor deltakelse.

Vist du er intresert i nokre av

aktivitetane våre er det bare å ta kontakt med ein i styret. Bli med å få swing på bygda.

Leiar: Svein Borgen
91121320
Nestleiar: Ingunn Helen Reiestad
51430324
Sekretær: Hege Kvía
51430700
Kasserer: Steinar Kartevold
51430518
Info leiar: Kim E Nord-Varhaug


Styremedl: Per Olav Krekling
51436577
10kl.repr. Jon Reinhart Husvegg
51430924
Utetev leiar Per Erik Skretting
51430694
Innebandy Terje Lerbrekk
Aktivitet kom. Sveinung Skretting
Ingve Skretting
Hans Ånestad

Blomster- tevling



Onsdag 4/11 hadde Varhaug BU blomstertevling på Internatet. Me var 2 guttar og 2 jenter + tevlingsleder Hege. Ho forklarte koss me skulle gjera dette, og så satte me igang. Det var mykje fine blomma og blad å velja i, så det var bara å bruka fantasien til å få oppsatsane til å varta fine.

Kvelden gjekk fort så me må ha kost okke med både drøs og tevlinga. Det hadde vore plass til fleire på loftet denne kvelden, så viss nogen der ute er interessert i innetevlingar, sjå etter info eller ta kontakt med nogen i styret.



HÅ REGNSKAP OG DATA A/S

Rådhusgt. 2, Boks 104, 4360 VARHAUG
Tlf. 51 43 04 77 - Fax 51 43 02 28
Mobil 94 67 27 76

Regnskap - Lønn - Arsoppgjør
Firmaregistreringer - Budsjett m.m

**Støtt våre
annonsører**

Dei støtter oss

EN LOKAL MESTER STÅR BAK



SI.BYGG A/S
SKRETTING & INGEBRETHSEN

Tlf.: 51 43 04 95
Fax: 51 43 25 90

Tradisjon i solid håndverk

**DIN LOKALE
TOTAL-
LEVERANDØR
AV BYGGE-
VARER**



Jernbaneveien - Nærbe
Tlf. 51 43 32 84
Dublandsveien - Varhaug
Tlf. 51 43 11 66



Årsmøte

Årsmøtet i Varhaug Bondelag var måndag 21. september på Varhaug Misjonshus. Det møtte ca 40 stk. noko vi seier oss godt nøgde med.

Dei fleste årsmøtesakene vart godkjende utan merknader. Det vart frå salen teke opp enkeltsaker som det vart ytra ynskje om at vi arbeidde vidare med. Desse vart protokollerte og det nye styret tek dette med seg inn i det nye arbeidsåret.

Det var i år stor spaning knytt til valet. Det var ingen som hadde sagt seg viljug til å ta leiaransvaret i laget. Årsmøtet måtte difor finna og velja ein leiar. Stemninga var ei stund ganske spent. Det kom fleire benkeforslag, men den eine etter den andre nekta å stilla som kandidat. Det heile enda likevel veldig godt. Harald Odland vart vald til ny leiar. Han har også tidlegare vore leiar i Varhaug Bondelag, så det er ein god og røynd



Endre Skjørestad deltok på årsmøtet

mann vi no har fått.

I år hadde vi fått med oss Endre Skjørestad frå finansdepartementet. Han gav oss ei god og lettfatteleg innføring i kva som foregår der og kva som er med

og påverkar norsk økonomi. Han ville likevel ikkje koma med nokon "budsjettlekke-sjar". Han hadde syn for landbruket sine interesser, noko vi tykte var positivt.

Menyen på årsmøtet var smørbrød, fløyetekake og kaffi. Som bevis på og takk for god innsats i styret fekk Solveig Årdal, Arne Odland, Helga Bøhn Skrettingland og Tommy Hadland overrekt Varhaug Bondelags vipe. Sigmund Rangen hadde allereie ei vipe frå ein tidlegare periode i styret. Endre Skjørestad fekk med seg blomar og Varhaug Bondelags jubileumsbok.

Så vil vi retta en spesiell takk til valkomiteen dette året for den tunge og vanskelege jobben dei fekk med å finna kandidatar til valet.

Opprett BSU hos oss nå,
og vi kan gi deg
90% lån til 60% pris
til ditt første boliglån

SpareBank 1 SR-Bank

Best når det gjelder



16. Oktober

Varhaug Bondelag

Bondefesten



Dette året var bondefesten lagt til Karlsbu på Skjæret, og som alle veit høyrer ikkje Skjæret til Varhaug, men akkurat denne kvelden vart det til Varhaug sin «2.etg.».

Store deler av programmet stod òg i naboskapets tegn, med utflytta Nærbo-buar: Marian H. Egeland og Ola Bjorland.

Marian som ikkje kunne motstå ein mann i frå Dysjaland, har flytt den «rette» vegen, og opna med ein aldeles framifrå prolog der ho filosoferte over dei ulike sidene ved tilværelsen som gardbrukar i dag. Dette vart framført på ein fin måte, kvar tek du det frå Marian?

Etter ein god middag som bestod av sursteik og sviskegraut til dessert, fekk me tale/ord for dagen ved Ola Bjorland. Ola som er mest kjent for «Vindu mot livet» programmet på Jærradioen er busatt på Bryne, men har tidligare budd i USA, nærmare bestemt Chicago. Det var i frå denne tida han på en lun og humoristisk måte fortalde om. Særlig gjorde det inntrykk å høyra han fortelja om besøk på kyrkjegarder i midtvesten, der mange av dei som utvandra frå Jæren ligg gravlagde. Dette var ein tale som ein ikkje gløymer så



Marian H. Egeland opna bondefesten med framføring av prolog



lett.

Var dei to første innslaga av høg klasse, så stod ikkje neste innslag på noko måte tilbake for dei. Torolf Nordbø med sitt «RADIO INNANTE»show, fekk forsamliga til å le seg skakke, me tar med ein av dei mange historiane:

2 unger står og snakker med kvarandre, då den eine spør;

- Er du gutt eller jente?

Eg veit ikkje svarar den andre.

- Kva heiter du då?

Mons!

- Då er du katt!!



Ola Bjorland var festtalar

Historiane kom som perler på ei snor, så han var dyktig.

Liv Høbberstad som leia det på ein fin måte avslutta den delen av festen, deretter vart det laga til småbord og dans, så alle dei 83 som hadde tatt vegen til Skjæret denne kvelden såg ut til å hatt det gildt.

joker
De smarte sparer tid og penger!

Auestad A/s
4360 VARHAUG

Tlf. 51 43 01 36



Skulefrokost

Nam, nam, dette var god frokost!

Onsdag 18. november var styret i bondelaget på Ungdomsskulen og laga til frokost. Det vart servert kneipbrød, ost, kjøtpålegg og honning + melk.

Matlysten var på topp, så me måtte legga meir og meir på

fata.

Dei som ville, kunne og smørja seg matpakke til å eta seinare på dagen. Elevane skal ha skrøyd for at dei var så veldisiplinerte.



"Uten mat og drikke..."



JÆRBETONG A.S

Njølstad, 4350 NÆRBØ

51 79 18 00

Fax 51 79 18 02

**Betong bestilling:
51 79 18 01**

**VI LEVERER:
Ferdigbetong
Betongpumping
Betongpeler**





Glade og fornøyde elevar etter frokosten



Etter maten slapp elevane av i midtbytter før "skulealvoret" tok til



Det nye styret i Varhaug Bondelag

Leiar: Harald Odland
Nestleiar: Tone Skeie
Studieleiar: Kjell Skretting
Skulekontakt: Øyvind Todnem
Sekretær: Elin Hobbestad
Kasserer: Geir Egil Aanestad
1. Varamann: Tarald Ånestad



Haustfesten

Fredag 23 Oktober kl. 19.00 sto haustfesten for tur igjen. Denne haustfesten va skikkele gille. Ska vedda på at adle dai store koste sæg liga møje så dai litt mindre store. For akkurat dette året va dæ møje spennande.

Håbe at alle 1.års-aspirantane syns at dette va kjekt, å at dai vil fortsetta. Så vil det en dag vera dai så står oppe på scenen å får heile oppmerksomheten. Dæ såg jaffal ud så Steinar B. Kartevold og Harald Skretting storkoste sæg i «søkelyset». Begge to hadde nå dette året fullført 9 år i Svala 4H. Me får vel adle ynskja dai lykke te viare, men me får au håba at dai vil hjelpe å oppfordra dei yngre te å delta å fullføra.

Tond Lode så æ en «gamle 4H'ar» va au på haustfesten å haldt en flotte tale. Han fekk oppmerksomheten både av dai store å dai småe. Han fortalde møje om si ti i 4H, alt han fekk oppleve å alt dæ han



Steinar B. Kartevold og Harald Skretting. Begge fullført 9 år i Svala 4H. Dei fekk plaketten + vase!

den dag i dag sidde igjen mæ. Han oppfordra adle te å raisa på leir visst de

får sjansen, både på fylkesleir og landsleir. «For dæ va knall-gillt.»

Plutsele uventa for adle dokte dar plutsele opp en løyen mann. Mange lurde nok på kæ dæ va for en løyen skapning. Dæ viste sæg å vera en tryllekunstnar så hadde forvilla sæg ud te Varhaug. Adle va nok glæ for at han kom, fordæ han var veldig flinke. Dæ va nok ikkje mange av dai så va derane så forstod kæ han haldt på mæ, å koss han fekk dæ te. Dæ va nok magi, dæ såg iallefall sånn ud ! Når han va færige mæ tryllingå, så «lakte» han festlige ballonger te adle dai så ville ha.

Marit Johanne Kartevold fekk en forrente innsatspokal. Anita Årslund stakk av mæ to pokala. Den eine fekk hu av Bondelaget, å den andre fekk hu av Sør Jæren sau & geit. Hu hadde hatt «sau» i oppgåva dette året, å utstillingå va flotte. Jane Elin Bjelland fekk eit Kjempefint «lys-glas» av bonde-



BYGGMESTER
**Jon Harald
Håland as**

Kydlandsvegen 6, 4360 Varhaug
Mob. tlf. 94 67 66 48. Tlf. 51 43 07 70
Privat 51 43 05 03



Marit Johanne Kartevold fekk ein velfortent innsatspokal!

kvinnelaget. Oppgåva hennas dette året har vore «Gardsvert på Kvía 4H-gard», og utstillinga va fine.

Heile 4H-bønsjen sko hatt sæg en pokal, for dæ va mange flotte utsillinga så antagele he krevd en del ti. !! Jon Flåten fekk sæg en liden overaskelse.

Han hadde sagt dette en dag: « visst dar va nogen så fortende en innsatspokal så æ dæ ingen tvil om at dette hadde vore mæg» Annlaug å Astrid ordna dæ sånn at han fekk en liden sjuldige pokal, si

han hadde insistert såpass møje om at han fortende en.

Dæ va ingen tvil om at haustfesten dette året va gjevande for både foreldre å onga. Mange foreldre he vore mæ å gjort møje godt for 4H'en dette året. Te neste år hadde dæ vore extra gillt visst endå fleire va mæ å gjorde en insats. Selføgele æ ungdommen å



1 års aspiranter

ongane goe å få dæ te sjøl, men dai klare sæg ikkje uden hjelp !! Derfor bør dokke foreldre (spesiellt dokke «sofagriser») engasjera dokke endå mair. Nogen æ goe å stidle opp uansitt, takk te dei ! For at Svala 4H ska klara sæg trengje me vaksne folk te å væra mæ å veileda. Håba at me får mange sånne gille haustfesta så me hadde dette året !!

Anne Mette



Det var underholdning med Tryllekunstnar. Her laga han ballonger til dei som ville ha!

Krabbetur i Bodle

Egentleg så skulle krabbeturen ha vore i august, men på grunn av dårleg ver måtte den utsettes litt.

Heilt i begynnelsen av september (3/

10) prøvde me atter ein gong. Veret var det iallefall ikkje noko i vegen med denne dagen. Det var ikkje den heilt store fangsten. Resultatet med røde krab-

ber var rundt 8-10. Og det er ikkje så mykje. Så enten er gjengen i Svala 4H elendige «krabbarar» eller så hadde nok stort sett alle dei røde svære krabbane stokke avgårde til sjøs. Eller så burde kanskje dei vaksne ha «lærd» oss litt, og ikkje berre skrøyta. Men ein ting var iallefall sikkert, og det var det at det var nesten «oversvømmelse» av dei grønne små hissige krabbane. Og så lenge det var napp å få, så såg det ut som gjengen var fornøgd. Til neste år må me ha som mål å få endå fleire krabber !!!

Det var veldig kjekt at foreldra og var med i «laget», neste år håpar me at mange fleire vil vera med i «laget». Me har det som regel veldig koseleg når fleire av «okke galne trauska» kjem ilag.

Foruten krabbane å drøsingå, så har me alltid grillen tende i tilfelle me varte svoltne. !!

Anne Mette.



Felleskjøpet

avd. Varhaug

Tlf: 51 43 00 22 Fax: 51 43 00 52

Åpent: 08:00-16:00

Lør: 09:00-13:00

STIHL

Labb VIKING

MOTORSAG

HUNDEFØR

PLENKLIPPER



butikk



Aud Håland tok eit nytt år som leiar!

24. September hadde bondekvinnelaget årsmøte. Valkomiteen hadde ikkje hatt det vanskeleg denne gongen, for det var berre ei i styret som takka for seg.

Styret er nå slik:

Aud Håland	leiar
Evy Haugland	nestleiar
Olena Karetevoid	kasserar
Helga Ueland	sekretær
Olena Skeie	styremedlem
Liv Hobberstad	skuleringsleiar

Bente Håland	1. varamedlem
Kari Bryne	2. varamedlem
Gunvor Husveg	3. varamedlem

Årsmeldinga synte at det hadde vore 8 styremøter + 1 saman med bondelaget, årsmøte og 7 lagsmøter. I tillegg kjem sonemøtet på Undheim. I sitt 63. arbeidsår, har laget 69 medlemmar. Medlemstalet har gått ned, så eit satsingsområde i tida som kjem vert nok medlemsverving.

Dette har vore emna på lagsmøta: "Frå nedlagt meieri til ferdigmat" i oktober, Adventsmøte i november, der me sjølv fekk prøva oss på å laga adventskransar. I desember hadde Lerbrekks-krinsen ansvaret for julemøtet, der Einar Lea m.a. snakka om jærhus. I

januar "tok me ein tur til Israel" saman med Anette Fløystøl i kåseriet "Når det eksotiske utland blir hverdagsliv og alvorlig - mitt møte med Israel".

I februar tok me oss meir av oss sjølv, og hadde fått Gunn Auglend Nedrebo til å snakka om "Stil og farge". Mars var meir alvorleg. Her hadde Greta Møll foredrag om "Alle kjenner vel noen som har kreft". Toradergjengen frå Brusand underholdt med fin musikk då Klokke-garden var innbedne i april.

Grillkvelden på Holmavatn saman med bondelaget har etter kvart vorte ein tradisjon. Men det kadde vore endå gildare om fleire hadde kome. Her hadde me og med oss Einar Lea. Me hadde og ein gild, (men heller litt kald) kveld i Botanisk Hage i mai. Men me fekk fort varmen i oss med chinamaten etterpå.

Varhaugmarken er ein gild dag for

dei fleste, men helst travel for bondekvinnelaget. Men dei som vart spurde om å ta eit tak denne dagen var utruleg positive, så det vart smøking og flatbrødbaking i år og.

Juli er feriemånad for dei fleste, også for bondekvinnelaget. Men i august starta me opp med basar på eldresenteret, så kom årsmøtet i september, og så var dette arbeidsåret.

Som de ser er programma temmeleg variable, og de treng ikkje plent ha tilknytning til noko gard for å vera med oss på møta. Kanskje har du som før var med i husmorlag eller sanitetsforening lyst til å vera saman med oss. Møta våre er åpne for alle, og alle er like velkomne enten dei er medlem eller ikkje. Men me skal ikkje legga skjul på at me ynskjer fleire aktive medlemmar.

Julemøtet

Ånestadkrinsen har ansvaret for julemøtet, som vert på Eldresenteret fredag 11. desember. Leif Obrestad, Berit og Evy Lode skal underhalda oss

WALDELAND & DUBLAND A.S

Djupholdsv. 3, 4360 Varhaug

Alt i mur - puss - fliser

Mobil: 946 70 773

Tlf. 51 43 05 09

Fax: 51 43 12 22



- fagkunnskap gir trygghet.

Gilde Agro Felleslakteri BA

Kjøttprodusentenes • bedrift
• interesseorganisasjon
• varemerke

KJØTTSAMVIRKET TIL KJØTTPRODUSENTENS BESTE



Bohus STUELAND

VARHAUG: Tlf. 51 43 00 77

Liljekonvallen

Blomstrende gaver til alle anledninger finner du i

Stasjonsveien 14. på Varhaug

Tlf. 51 43 12 72

**– En god
kontakt
på Jæren**



**aa Aanestad
Elektro as**

Tlf. 51 43 75 33 - Vakt 94 67 37 36

Frivillighets- sentralen

"Lat ikkje graset gro att mellom grannar". Dette er overskrifta på stortingsmeldinga som handlar om frivillighetssentralar. Som vel dei fleste kjenner til, vart Frivillighetssentralen i Hå - som held til i Kyrkjevegen 5 på Nærbø - (i kjellaren på det gamle kommunehuset) offisielt åpna 12. oktober.

Frivillighetssentralen høyrer til under kulturetaten. Myrtel Grødem er leiar for styret, der m.a. Liv Hobberstad er med frå bondekvinnelaget.

Frivillighetssentralen i Hå vil vera:
- eit supplement til etablerte lag og foreninger.

- eit supplement til offentlege tjenester.

Frivillighetssentralen vil og yta service utifrå frivillege som vil gje tid og krefter i *samarbeid med* og i *omsorg for* andre.

Dagleg leiar av Frivillighetssentralen i Hå - Karin B. Dahlstrøm - kjem på møtet til bondekvinnelaget 26. november.

VARHAUG HUD- OG FOTTERAPI

v/Heidi Dubland Bø

- * Hudpleie
- * Fotpleie
- * Hårfjerning
- * Vortebehandling
- * Farge vippe/bryn
- * AHA/Fruksyrebehandling

Tlf. 51 43 13 69
Stasjonsv. 20, 4360 Varhaug
(2. etc SR-Bank)

Adresse:

Blad

Returadresse:

Varhaug Buen
v/ Anbjørn Ueland
Lensmangsgarden 26
4360 Varhaug

Varhaug Buen

Medlemsblad utgitt av Varhaug
Bygdeungdomslag, Svala 4H,
Varhaug Bondelag og Varhaug
Bondekvinnelag

Opplag: 1200

Redaktør:

Anbjørn Ueland
Tlf.: 51 43 13 01

Varhaug BU:

Steinar B. Kartevold
Tlf: 51 43 05 18

Jon Reinhart Husvegg
Tlf: 51 43 09 24

Svala 4H

Anne Mette Bjelland
51 43 08 04

Varhaug Bondelag

Geir Egil Aanestad
Tlf: 51 43 05 74

Harald Odland
Tlf: 51 43 07 38

Varhaug Bondekvinnelag

Liv Hobberstad
51 43 03 93

Aud Håland
Tlf: 51 43 01 63

Internatet:

51 43 78 20

Stoffrist:

15. Februar 1998

Til nr. 1
Bladet kjem ut uke 11

Kva skjer?

Varhaug BU:

Desember

Juledekurasjonskurs

Januar

23 Volleyballturnering

Februar

13 Go-Cart turnering

20 Årsfest RBU

27 Aktivitetsdag

27 Diskotek på Elgane

Mars

20 Kølleturnering

20 Køllefest

April

Påsken Hyttetur til Gilja
23-25 Gammaldanskurs

Mai

8 Steinkjerringa

17 Folketog

Tur til Preikestolen

Svala 4H:

Desember

4 Grautefest m/oppgåvevalg

5 Plastinnsamling

Varhaug Bondekvinnelag:

Desember

11 Julemøte på Eldresenteret
(Aanestadkrinsen)

Januar

28 Lagsmøte

Februar

25 Lagsmøte

Varhaug Bondelag:

Januar

- Studieringar i jordbruksavtalen

- KSL

- Internett

- Tur til Øksnavad



AN Bygg Aanestad & Håland AS

Telefon 51 43 11 08

Mob.tlf. 94 60 16 37

" 94 60 16 24

Damebyen 27, 4360 Varhaug